

MRSA – antibiotikaresistente bakteriar

Ein pasient var innlagt på sjukehus nokre dagar, og låg på eit 4-sengsrom. Etter utreise kom det svar på ei prøve at vedkommande var smitta med MRSA (antibiotikaresistente bakteriar). Nokre dagar seinare vart pasienten innlagt igjen. Ingen oppdaga at det var skildra smitte tidlegare. Pasienten vart derfor igjen innlagt på 4-sengsrom. Det blei då oppdaga at pasienten hadde smitte, og pasienten blei isolert.

Årsaksanalyse:

Då pasienten var på sjukehuset den første gongen, var det ingen som kunne vite at pasienten hadde smitte. Det blei likevel teke prøve då det blei observert eit væskande sår. Når smitte blir oppdaga på ein pasient, skal dette registrerast på ein slik måte i journalen at det kjem påminning om dette kvar gong journalen blir opna. Dette var ikkje gjort. Då pasienten blei innlagt seinare, opplyste pasienten legevakta om smitten. Denne informasjonen kom ikkje vidare til sjukehuset, noko som heller ikkje skulle vere nødvendig, ettersom det var sjukehuset som hadde oppdaga smitten.

Det er viktig å hindre spreiring av antibiotikaresistente bakteriar i norske sjukehus, fordi infeksjonar som skuldast desse bakteriane kan vere svært vanskelege å behandle og er difor ekstra farlege. Difor er det også viktig at pasientar som kjem inn med slike bakteriar, vert isolerte frå andre for å unngå å spreie bakteriane i sjukehusavdelingar.

Tiltak:

- Pasienten fekk behandling for infeksjonen
- Det blei lagt informasjon inn i journalen med påminning som automatisk kjem fram
- Pasientane som denne pasienten hadde delt rom med, fekk informasjon om hendinga og blei sjekka for smitte
- Pasienten blei isolert på ein rom, og det blei nytta utstyr for å hindre smitte
- Pasienten blei informert grundig om smittefaren
- Det blei teke kontakt med legevakta om hendinga
- Det var tema på avdelingsmøte at ein må huske å legge slik informasjon synleg i journalen

Pasienttryggingutvalet (PTU) si vurdering av hendinga:

PTU ser alvorleg på fare for spreiring av MRSA-smitte i sjukehuset. Det er viktig at tilsette er ekstra nøye med å få identifisert dei pasientane som kan ha med seg slik smitte, slik at desse blir isolert. Alle skal vere nøye med å dokumentere dette på ein rett måte i journalen så alle blir merksame på smittefaren.